

Utval: KIKS - Styret
Møtestad: Åmli
Dato: 12.11.2018
Tid: 10:00

Forfall meldast til administrasjonen på e-post til: post@konsesjonskraft.no som syter for innkalling av varamenn. Varamenn møter berre ved spesiell innkalling.

Innkalling er sendt til:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---------------------|----------|---------------|
| Mari Mykland | NESTL | |
| Jon Rolf Næss | MEDL | |
| Terje Damman | LEDER | |
| Svein Arne Jerstad | MEDL | |
| Torunn Ostad | MEDL | |
| Margrethe Handeland | MEDL | |
| Jon-Olav Strand | MEDL | |

Terje Damman
styreleiar

Glenn Qvam Håkonsesn
dagleg leiar

| Saksnummer | Innhold |
|-------------------|---|
| PS 39/18 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 40/18 | Godkjenning av møteprotokoll frå styremøte 26.10.2018 |
| PS 41/18 | Referatsaker |
| RS 8/18 | Etikk i finansforvaltning |
| PS 42/18 | Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning |
| PS 43/18 | Justering av risikostrengi |
| PS 44/18 | Utsett revidering av selskapsavtalen |
| PS 45/18 | Retningslinjer og mandat for valnemnda i Konesjonskraft IKS |
| PS 46/18 | Budsjett 2019 og økonomiplan 2020-2022 |
| PS 47/18 | Eventuelt |

PS 39/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Møteprotokoll

KIKS - Styret

Møtestad: Sølvarden hotell, Rysstad

Dato: 26.10.2018

Tid: 10:00

Følgende politikere møtte:

| Namn | Funksjon | Vara for |
|--------------------|------------|--------------|
| Terje Damman | Leder | |
| Svein Arne Jerstad | Medlem | |
| Margit Smeland | Varamedlem | Torunn Ostad |
| Jon-Olav Strand | Medlem | |
| Mari Mykland | Nestleder | |
| Jon Rolf Næss | Medlem | |

Frå administrasjonen og andre som møtte:

Namn

Anne Liv Lidtveit

Glenn Qvam Håkonsen

Sveinung Skjevraak

Reidar Saga

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Valle, 29.10.2018

Anne Liv Lidtveit

Utvalssekretær

Godkjenning av møteprotokoll.

| Saksnummer | Innhald |
|-------------------|---|
| PS 30/18 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 31/18 | Godkjenning av møteprotokoll |
| PS 32/18 | Referatsaker |
| RS 7/18 | Sira-Kvina kraftgrunnlag |
| PS 33/18 | Orienteringar |
| PS 34/18 | Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning |
| PS 35/18 | Drøftingssaker |
| DR 5/18 | Justering av risikostategi |
| PS 36/18 | 2. tertial 2018 |
| PS 37/18 | Eventuelt |
| PS 38/18 | Årleg samtale mellom styret og dagleg leiar |

PS 30/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 26.10.2018

Framlegg frå Terje om å legge inn den årlege samtalen mellom styret og dagleg leiar som politisk sak.

Styret støtta dette, og saka er lagt inn som siste sak på saklista.

Vedtak:

Årleg samtale mellom styret og dagleg leiar lagt til som sak 38/18.

PS 31/18 Godkjenning av møteprotokoll

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 26.10.2018

Møteprotokoll frå styremøte 7. september 2018 blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Møteprotokoll frå styremøte 7. september 2018 blei samrøystes vedtatt.

PS 32/18 Referatsaker

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 26.10.2018

Rådgjevar Anne Liv Lidtveit og dagleg leiar Glenn Qvam Håkonsen orienterte om kraftgrunnlag Sira-Kvina.

Styret tok referatsaka til orientering.

RS 7/18 Sira-Kvina kraftgrunnlag

PS 33/18 Orienteringar

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 26.10.2018

Ingen orienteringar.

PS 34/18 Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 26.10.2018

Rådgjevar Sveinung Skjevraak orienterte om kraftmarknad og sikringsstatus. Dagleg leiar Glenn Qvam Håkonsen orienterte om status Formuesforvaltning. Styret tok saka til orientering.

PS 35/18 Drøftingssaker

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 26.10.2018

Rådgjevar Sveinung Skjevraak orienterte, særleg om dei konkrete endringane i risikostrategien som er nemnt i notatet til saka, og styret diskuterte deretter dei ulike punkta. Endeleg risikostrategi blir lagt fram på neste møte.

DR 5/18 Justering av risikostrategi

PS 36/18 2. tertial 2018

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 26.10.2018

Dagleg leiar Glenn Qvam Håkonsen orienterte. Revisjonsrapporten kom etter at innkallinga blei sendt ut, denne er derfor ettersendt. Blir lagt til i saka til representantskapet.

Vedtak:

2. tertial blir tatt til orientering.

PS 37/18 Eventuelt

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 26.10.2018

Ingen saker.

PS 38/18 Årleg samtale mellom styret og dagleg leiar

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 26.10.2018

Terje Damman fremmet følgende forslag:

Styret gjennomførte i dette møtet sin årlege samtale med dagleg leiar.

PS 41/18 Referatsaker

RS 8/18 Etikk i finansforvaltning

PS 42/18 Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

| <i>Saksnummer</i> | <i>Utvål</i> | <i>Møtedato</i> |
|-------------------|---------------|-----------------|
| 43/18 | KIKS - Styret | 12.11.2018 |
| | | |

Justering av risikostrategi

Dagleg leiar tilrår:

Justering av risikostrategi blir vedteken.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Dagens risikostrategi vart vedteken for to år sidan, og har fungert bra. Erfaringar som er gjort gjennom desse to åra, saman med analyser av strategien, gjer likevel at styret blir beden om å vurdere ei justering av risikostrategien.

2. Saksopplysningar

Risikostrategien har vorte diskutert i fleire styremøte, og basert på desse diskusjonane vert det foreslått justeringar til dagens risikostrategi.

- a) Under overskrifta «Organisering av krafthandelen» (side 3, andre avsnitt) er det gjort fylgjande endring:
 - Teksten «Tilgong til handel på NASDAQ OMX commodities Europe kan gjerast gjennom direkte medlemskap eller gjennom avtale med forvaltar.» er lagt til. Dette er for å presisere at KIKS ikkje treng å ha eige medlemskap på NASDAQ.
- b) Under overskrifta «Sikringsstrategiar» og «Normalstrategi» (side 4) er det gjort fylgjande endringar:
 - Sikringsperioden reduserast frå 3 år og 1 kvartal til 3 år før det aktuelle året som skal sikrast.
 - Sikringsgraden endras frå 95 % den 1. oktober til 85% den 31. desember for komande leveringsår.

- c) Under overskrifta «Sikringsstrategiar» og «Avvikshandel» (side 4) er det gjort fylgjande endringar:
- Rammene for avvik på 450 GWh og 150 GWh slåast saman til ei ramme på 600 GWh, og kravet om 4€/MWh i skilnad mellom marknadspris og prognoser fjernast. Det er lagt til at storleiken på avviket, og grunngjeving for denne, skal rapporterast i kvart styremøte.
 - Punktet som gav dagleg leiar moglegheit til å lukke posisjonar om det gav ei sannsynleg brutto inntekt på 35 øre/kWh eller meir, er fjerna. Om ein skulle ønskje å lukke meir enn det sikringsstrategien tillèt, så vil dette takast opp med styret.
- d) Det er lagt til ei ny overskrift som heiter «Påreknelege utbetalingar» (side 4), for å poengtere nødvendigheten av ein reservekapital som ein del av risikostrategien.

3. Vurdering

Administrasjonen meiner dei nemnde justeringane vil gjere sikringsstrategien endå betre enn den er i dag, med jamnare resultat over tid og lågare sikringskostnader.

Ved å redusere sikringsgrad og sikringsperiode så vil det gi større usikkerhet for neste års utbetalingsprognose, men dette kan kompenseres gjennom bruk av reservekapitalen.

Valle, den 05.11.2018

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar



KONSESJONSKRAFT IKS
– vaktar rettane og tek vare på verdien

RISIKOSTRATEGI



Omvising på Eramet i samband med risikoseminar i september 2018

BAKGRUNN OG MÅLSETTING

Konsesjonskraft IKS (KIKS) er ein sjølvstendig deltakar i kraftmarknaden.

Målsettinga er å forvalte konsesjonskrafta med heimel i selskapsavtalen mellom deltakarane av KIKS, datert 3. september 2014 og denne risikostrategien.

Side | 2

KIKS skal drive krafthandel innanfor gjevne rammer for å kunne utbetale tilfredsstillande og pårekeleg avkastning til deltakarane. KIKS må difor ta posisjonar i marknaden, noko som fører med seg risiko. Risikostrategien skal styre og regulere denne risikoen.

Styret i Konsesjonskraft IKS er ansvarleg for Risikostrategien og at den vert evaluert årleg. Styret skal to gonger i året orientere representantskapet om erfaringane med gjeldande risikostrategi, om det evalueringsarbeidet som går føre seg og eventuelle endringar.

ANSVAR OG KOMPETANSE

Dagleg leiar er ansvarleg for å organisere krafthandelen.

Dersom dagleg leiar må vere ansvarleg for den operative krafthandelen, går ansvaret til dagleg leiar som fylgjer under, over til styreleiar.

Ansvarleg for krafthandel i Konsesjonskraft IKS har ansvar for:

- at sikrings- og risikorammer skal haldast.
- det operative ansvaret for handel på børs og for den bilaterale handelen.
- å syte for at involverte parter i praktiseringa av krafthandelsfunksjonen har nødvendige fullmakter

Dagleg leiar i Konsesjonskraft IKS har ansvaret for:

- all rapportering
- at risikostrategien er godt kjent av alle den får verknad for
- at selskapet følgjer strategien
- at det vert sett i verk tiltak dersom rammene ikkje vert haldne
- at kompetent personale løyser oppgåvene, og at kjernekompetanse er spreidde på fleire personar

Controller skal sjå til at krafthandel, oppfølging og rapportering skjer i samsvar med risikostrategien.

DEFINISJONAR

KIKS kjøper konsesjonskraft frå alle kraftverka som anten ligg innanfor det geografiske området deltakarane representerer eller som nyttar regulert vatn som kjem frå fall og magasin frå dette geografiske området.

Side | 3

Konsesjonskrafta vert anten seld fysisk på Nordpool Spot eller fysisk bilateralt. Vidare vert det handla finansielle instrument på Nasdaq OMX og/eller inngått bilaterale finansielle avtalar. Risikostrategien styrer både den fysiske og finansielle handelen.

Viktige definisjonar for krafthandel

| | |
|----------------------|---|
| Sikring | Finansielt sal av framtidig fysisk kraftleveranse |
| Sikringsperiode | Perioden ein gjennomfører sikring for. |
| Sikringsgrad | Kor stor prosentdel av krafta som er sikra innanfor sikringsperioden |
| Jamn sikring | Ein simulert krafthandel som handlar lik mengde kraft kvar handledag. Sikringsgraden aukar jamt for kvar handledag. |
| Motpartsrisiko | Risiko for ein kontraktmotpart ikkje kan eller vil innfri fordringane, til dømes fordi han går konkurs. Risikoen er då at KIKS tapar pengar gjennom at ein god kontrakt må bytast ut med ein dårlegare kontrakt |
| Administrativ risiko | Samlerisiko for system, personar og interaksjonar mellom dei. |
| Clearing | Børsen (Nasdaq OMX commodities) vert mellomledd og tek bort motpartsrisikoen ved handel |
| Månadsblokkmodell | Tabell utarbeidd av NVE som bestemmer den månadsvisе fordelinga av konsesjonskraftmengde i kalenderåret. |
| Rebalansering | Kjøp eller sal av kvartals- og månadsprodukt for å sikre krafta etter månadsblokkmodellen |
| Områdepriserisiko | Den fysiske krafta vert levert i NO2 (Sør-Noreg), mens handel på Nasdaq OMX commodities vert på systemprisen. Prisforskjellen blir kalla områdepriserisiko |

ORGANISERING AV KRAFTHANDELEN

Krafthandelen skal optimaliserast innafor fastsette rammer og mynde. Handelen er difor delt i ulike porteføljar. Porteføljar som femnar om sikringsposisjonar skal skiljast frå porteføljar som inneheld risiko.

Alle finansielle kontraktar som KIKS gjer skal gjennomgå clearing på NASDAQ OMX commodities Europe dersom ein ikkje har avtalt anna. Tilgong til handel på NASDAQ OMX commodities Europe kan gjerast gjennom direkte medlemskap eller gjennom avtale med forvaltar. Dette vert gjort for å eliminere motpartsrisiko. Dersom clearing ikkje kan gjennomførast, skal motparten vurderast og godkjennast av styret før kontrakten er endeleg.

SIKRINGSSTRATEGIAR

Normalstrategi

Sikringa startar 3 år før det aktuelle året som skal sikrast.

Side | 4

Ved jamn sikring vil sikringsgraden vere 85 % den 31. desember for komande leveringsår.

Valutasikring skal gjennomførast samtidig med kvar sikringshandel.

Områderisiko skal normalt ikkje sikrast, men status mot budsjetttramma skal rapporterast til styret og porteføljeutvalet i kvart møte.

Sikring skjer som handel etter ordre.

Avvikshandel

Dersom marknadsprisen ikkje reflekterer marknadssynet til administrasjonen, kan dagleg leiar velje å sjå vekk frå normalstrategien.

Dagleg leiar kan avvike frå jamn sikring med inntil 600 GWh for heile sikringsperioden. Storleiken på avviket jamfør jamn sikring, og grunngjeving for denne, skal rapporterast til styret i kvart styremøte.

PÅREKNELEGE UT BETALINGAR

Det er svært viktig for deltakarane med påreknlege utbetalingar. Så lenge ein ikkje er 100% sikra er det derfor nødvendig med ein reservekapital som kan nyttast for å kunne garantere utbetalingar fram i tid.

RAMMER FOR RISIKOPORTEFØLJER

I tillegg til sikringshandlar kan KIKS ta risiko for eiga rekning. Endeleg risikokapital for vedkomande år vert vedteke i kvart budsjett.

Total risiko for KIKS kan delast i fleire porteføljar. Dagleg leiar får fullmakt til å fastsetje om porteføljen skal delast og korleis den eventuelt skal delast.

Open posisjon skal følgje Nasdaq OMX sin utrekningsmetode for marginkrav. Den opne posisjonen for denne risikoporteføljen må aldri vere meir enn 50 % av maksimalt tap (stop loss).



RAPPORTERING OG DOKUMENTASJON

Styret skal kvar måned få rapportar som syner:

- Resultatet av den totale kraftomsetninga
- Status områderisiko og rest avsett budsjetttramme
- Dei eventuelle vedtaka dagleg leiar har gjort i samsvar med delegert mynde heimla i denne risikostrategien og dei økonomiske resultatata desse vedtaka har ført til.
- Mogelege avvik mellom sikringsstrategi og dei sikringshandlane som er gjennomførte.

Side | 5

Rapporten skal også stadfeste at sum transaksjonar til kvar tid ligg innafor fastsette rammer eller heimla i delegert mynde etter denne risikostrategien. Dersom grensene ikkje er haldne, skal dette rapporterast til styreleiar.

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

| <i>Saksnummer</i> | <i>Utval</i> | <i>Møtedato</i> |
|-------------------|---------------------------|-----------------|
| 44/18 | KIKS - Styret | 12.11.2018 |
| | KIKS - Representantskapet | 17.12.2018 |

Utsett revidering av selskapsavtalen

Dagleg leiar tilrår:

Revidering av selskapsavtalen blir utsett til etter avlagt rekneskap 2019, når alle kommune- og fylkessamanslåingar er gjennomført.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Det fylgjer av selskapsavtalen § 12 siste ledd at selskapsavtalen skal reviderast etter avlagt rekneskap 2018. Ein ønskjer revisjonen utsett på grunn av komande kommune- og fylkessamanslåingar.

2. Saksopplysningar

Ei revidering av selskapsavtalen etter § 12 er særleg knytt til eigardel og ansvarsdel i selskapet. Det skal til dels store endringar til her før ei revidering etter selskapsavtalen skal vere nødvendig, men ein ønskte likevel ei revidering etter 2018 fordi ein då hadde gjennomført full implementering og sikring av tilgjengeleg kraftvolum frå dei nye deltakarane frå Vest-Agder.

3. Vurdering

Etter at selskapsavtalen blei inngått i 2014, har det skjedd til dels store endringar i komande kommune- og fylkeskommunestruktur. Fleire av våre deltakarar har vedtatt samanslåing med nabokommunar. Desse endringane er effektive frå 1.1.2020.

Etter at kommune- og fylkesgrensene er endra, vil det i alle tilfelle vere nødvendig med ein fullstendig revisjon av selskapsavtalen. Det fylgjer av IKS-lova § 4, og selskapsavtalen § 16 at endringar i deltakarar i selskapet må vedtakast av kommunestyre og fylkesting. At ein skal sende selskapsavtalen til behandling i alle kommunestyra i løpet av våren 2019, for deretter å sende den på nytt i 2020, framstår som svært arbeidskrevjande og lite formålstenleg. Tanken med formuleringa i selskapsavtalen § 12, var å sikre at ein såg på selskapet og eigardelane på nytt når ein hadde hatt nokre år med «ny drift», og når Vest-Agder for alvor var fullt ut

implementert i selskapet. Dette er det tilstrekkeleg å gjere etter kommune- og fylkessamanslåingar i 2020.

Valle, den 02.11.2018

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

| <i>Saksnummer</i> | <i>Utval</i> | <i>Møtedato</i> |
|-------------------|---------------------------|-----------------|
| 45/18 | KIKS - Styret | 12.11.2018 |
| | KIKS - Representantskapet | 17.12.2018 |

Retningslinjer og mandat for valnemnda i Konsesjonskraft IKS

Dagleg leiar tilrår:

Retningslinjer og mandat for valnemnd i Konsesjonskraft IKS blir vedtatt.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Ein har gjennom nåverande kommune- og fylkestingsperiode opplevt at valnemnda burde hatt retningslinjer for oppgåvene den skal gjere, og vore funksjonell lenger enn selskapsavtalen tilseier.

2. Saksopplysningar

Selskapsavtalen § 8 omhandlar valnemnd til styret i Konsesjonskraft IKS, og var ei heilt ny føresegn ved inngåing av selskapsavtalen i 2014. Gjennom den siste perioden har ein sett behov for å supplere og utfylle føresegna, og ein fremjar derfor desse retningslinjene og mandat for valnemnda.

3. Vurdering

I selskapsavtalen § 8 heiter det om valnemnda:

«Valnemnda skal bestå av tre medlemmer, og blir valt av representantskapet på møtet i juni i kvart kommunevalår. Valnemnda har som oppgåve å fremje forslag for representantskapet i desember same år på nytt styre etter valet.

Valnemnda vel sin eigen leiar.

Funksjonstida er over når nytt styre er valt.»

Ein ser nå behovet for å klarlegge mandatet til valnemnda ytterlegare. Det har vist seg noko problematisk at funksjonstida berre er til nytt styre er valt, i tillegg til at det ville vore naturleg at Konsesjonskraft IKS hadde ei honorarnemnd. Begge desse er tatt omsyn til i retningslinjene og mandatet som er fremja.

Det fylgjer av selskapsavtalen § 12 siste ledd siste setning at selskapsavtalen skal reviderast etter avlagt rekneskap 2018. Det synast lite formålstenleg å revidere selskapsavtalen i 2019, då fleire av deltakarane er midt i ein kommune- og fylkessamanslåingsprosess etter valet 2019. Ein har derfor fremja forslag om å utsette slik revidering til etter avlagt rekneskap 2019.

I samband med kommune- og fylkessamanslåinga, ser ein det også som ein fordel at den valnemnda som blir valt nå, får ei forlenga funksjonstid, og får verknad utover det som fylgjer av selskapsavtalen i dag. Ei slik endring ville ein kunne gjort med eit 2/3 fleirtal i representantskapet, men ein ser det som lite praktisk å ta ei minimal og avgrensa revidering av selskapsavtalen på dette punktet i avtalen på nåverande tidspunkt. Selskapsavtalen må i alle tilfelle reviderast kort tid etter kommune- og fylkestingsvalet i 2019. Med bakgrunn i dette, inneheld retningslinjene og mandatet også særregel om funksjonstid for ny valnemnd i samband med suppleringsval til styre og honorarnemnd.

Vidare er det i vedlagte retningslinjer og mandat lagt opp til at valnemnda også skal fungere som ei honorarnemnd, og to gonger i løpet av kommune- og fylkestingsperioden vurdere og fremje forslag til representantskapet for honorar til styre og representantskap.

Valle, den 01.11.2018

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

1 20181101_retningslinjer og mandat valnemnd

Valnemnd i Konsesjonskraft IKS

Retningslinjer og mandat

Val av styre

Valnemnda skal fremje framlegg til styre i Konsesjonskraft IKS etter at kommune- og fylkestingsvalet er klarlagt. Framlegget skal leggast fram på fyrste representantskapsmøte etter kommune- og fylkestingsvalet.

Framlegget skal vere i samsvar med IKS-lova og selskapsavtalen når det gjeld kjønnsamansetning og

Det er styret sjølv som vel leiar, men ein ser det som naturleg at valnemnda peikar på kvar den nye styreleiaren bør kome frå, anten fylkeskommune eller kommune.

Dersom det blir behov for suppleringsval til styret i løpet av perioden, er det valnemnda si oppgåve å fremje slikt forslag for representantskapet i fyrste ordinære møte.

Administrasjonen i Konsesjonskraft IKS er sekretariat for valnemnda, og vil syte for nødvendig informasjon gjennom perioden.

Honorarnemnd

Valnemnda fungerer som honorarnemnd i Konsesjonskraft IKS, både når det gjeld honorar for styre og representantskap.

Honorarnemnda skal kome med framlegg til honorar for styre og representantskap i fyrste representantskapsmøte etter kommune- og fylkestingsvalet.

Honorarnemnda skal også ha gjennomgang av honorar for styret og representantskap ein gong i løpet av perioden, og legge fram eventuelle framlegg til endringar i ordinært representantskapsmøte.

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

| <i>Saksnummer</i> | <i>Utvål</i> | <i>Møtedato</i> |
|-------------------|---------------------------|-----------------|
| 46/18 | KIKS - Styret | 12.11.2018 |
| | KIKS - Representantskapet | 17.12.2018 |

Budsjett 2019 og økonomiplan 2020-2022

Dagleg leiar tilrår:

Budsjett 2019 og økonomiplan 2020-2022 vert vedteken
Prognose utbetaling til deltakarar 2019 vert vedteken

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Budsjett 2019, økonomiplan 2020-2022 og utbetalingsprognose er viktig informasjon for styret og eigarane, og gjev eit bilete på dei økonomiske framtidsutsiktene

2. Saksopplysningar

Kommentar budsjett 2019

- Om lag 80% av konsesjonskraftvolumet for 2019 er sikra. Dette er mindre enn tidlegare år, med argumentasjon at KIKS meiner kraftprisane skal auke frå dagens nivå. Det har til no vist seg å vere lønsamt. Det er viktig for eigarane med forutsigbare inntekter og med å evt nytte reservekapital vil ein kunne halde på utsendt utbetalingsprognose. Med om lag 20% usikra kraft, vil inntekta i større grad enn tidlegare kunne endre seg frå budsjett.
- Det budsjetterast med eit resultat på kr 125 500 000 og utbetaling på kr 154 154 000. Dette betyr at ein brukar om lag kr 28 600 000 av reservekapitalen. Grunnlaget for dette er at KIKS har levert betre enn budsjett i 2017 og 2018, samt at prisprognosane for åra 2020-2022 er høgare enn dei har vore. Dette gjer at KIKS kan utbetale reservekapital i 2019 og antakeleg halde same nivå på utbetaling frametter.
- Kjøpskost budsjetterast til kr 105 373 000. Historisk har KIKS sitt estimat på kjøpskost vore god, det ligg usikkerhetsmoment i kva OED prisen faktisk blir, samt at nettap endrar seg for kvart år.
- Driftskostnadane er budsjettert til kr 7 726 000, ei auke frå kr 7 404 000 i 2018. Det er budsjettert med lågare lønskost og ei effektivisering på rekneskap og revisor, mens auka kjem

på kostnad forvaltar. KIKS har inngått ei ny avtale med LOS kor det betalast meir for krafthandelen, men vi slepp å stille kassakreditt. Dette førar til redusert finanskost med kr 1- 2 mill og er netto veldig positivt for KIKS.

Netto finans er budsjettert til kr 3 800 000, ei god auke frå 2018. Mesteparten av auka kjem som fylgje av at KIKS har inngått avtale med LOS som tek bort behovet for kassakreditt. Rentenivå ligg og an til å auke, noko som gjer at forventa avkastning reservekapital og bank blir betre. Høgare kraftprisar gjev også meir likviditet i løpet av året.

Kva får deltakarane for pengane det koster å drifte KIKS?

I strategiplanen står det kva KIKS skal arbeide med og prioritere. Kjernevirksomheten er kjøp og sal av konsesjonskraft, men det ligg mykje bak. Det er eit komplekst og spesielt område og det har ofte vist seg at det skapast verdiar for kommunane ved å ha denne kompetansen tilgjengeleg og nytte han til å grave langt ned i problemstillingar.

Her kjem nokre døme på gevinstrealisering som fylgje av KIKS arbeid, samt nokre døme på kva ein bruker ressursar på som ikkje kan kvantifiserast:

- Når nye kraftverk kjem i drift, kan det ta mange år før NVE fastsett konsesjonskraftvolumet. Ein har rett på konsesjonskrafta frå den dagen vatnet vert tatt i bruk. KIKS sørgjer for å ta ut konsesjonskraft frå fyste dag. For 2019 vil dette utgjere om lag 17 GWh med ein nettoverdi på om lag 3,5 mill kr.
- Av kjøpskostnad er det anten OED pris eller individuell sjølvkost og det har synt seg viktig å arbeide for at dette skal vere rett.
 - I Sira-Kvina har avtalen frå 2016 om ny delingsfaktor redusert kostnaden for KIKS med om lag 3,5mill årleg. I 2018 oppdaga KIKS at avskrivningane i Sira Kvina vart behandla feil. Dei er no retta opp for alle konsesjonskraftmottakarar og KIKS vil motta etteroppgjer på om lag 3 200 000 for åra 2015-2018. Prognosen viser redusert kjøpskost på kr 700 000 for 2019
 - KIKS er parthjelp i AEVK sitt søksmål mot OED om sjølvkost i mandalsvassdraget. Dei økonomiske konsekvensane er berekna til 3 mill kr i 2018, aukande til 10 mill pr år for 2022.
- KIKS har ein vedteken risikostategi kor krafta gradvis skal seljast tre år før levering. Det er vedteken rammer for handel slik at adm kan styre når handlane gjerast og om ein ynskjer ein litt lågare eller høgare sikringsgrad. Kor godt adm utfører denne risikostategien målast mot snittprisar for dei produkta som handlast i perioden (kalt jamn sikring). Ei bacheloroppgåve frå 2018 har analysert at adm i KIKS har slått jamn sikring med kr 5-15 millionar årleg i perioden 2013-2017 og ligg førebels an til positive tal også i perioden 2018-2021.
- KIKS nyttar mykje tid på informasjonsvirksomhet og det tek ressursar. Informasjon til politikarar, seminar, oppfølging mot administrasjonar og undervisningsopplegg i skuleverket. Dette er nedfelt i strategien og viktig for konsesjonskraftordninga og KIKS på sikt.

3. Vurdering

Inntektene:

Vi arbeider aktivt med risikostategi og analyseverktøy for å utnytte marknaden innanfor definert risiko. Siktemålet er å skape ein meirverdi for eigarane. Historisk har dette arbeidet lønt seg.

Vi vel og løysingar som gjer at vi får tak i marginar utan at risikoen aukar.

Kostnadene:

Den største kostnaden for KIKS er kjøp av konsesjonskraft, og KIKS har stort fokus på at desse kostnadene er rette. Det har vist seg lønsamt.

Sjølv om andre kostnadar er små samanlikna med kjøpskost, har KIKS fokus på effektiv bruk av desse ressursane og vil fortsette å rapportere på verdiskapinga av å ha ein administrasjon som fokuserer på å vakte rettane, take vare på verdien og føre han attende til deltakarane.

Valle, den 30.10.2018


Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

- 1 Budsjett 2019
- 2 økonomiplan 2020-2022
- 3 Utbetalingsprognose 2019 frå Konesjonskraft IKS

Konsesjonskraft IKS

Budsjett 2019

| | Budsjett 2019 | Budsjett 2018 | Resultat 2017 |
|--|--------------------------|--------------------------|--------------------------|
| Driftsinntekter og driftskostnader | | | |
| Konsesjonskraftinntekter | 234 833 170 | 208 183 686 | 220 205 591 |
| Annen driftsrelatert inntekt | - | - | - |
| Sum driftsinntekter | 234 833 170 | 208 183 686 | 220 205 591 |
| Kjøp av konsesjonskraft | 105 373 202 | 102 746 063 | 101 316 457 |
| Lønn inkl. sosiale utgifter | 3 699 816 | 3 771 024 | 3 500 880 |
| Avskrivninger | 106 800 | 30 000 | 15 121 |
| Eksterne honorarer | 2 906 000 | 2 493 000 | 2 282 394 |
| Annen driftskostnad | 1 013 670 | 1 110 000 | 1 046 329 |
| Sum driftskostnader | 113 099 488 | 110 150 087 | 108 161 180 |
| Driftsresultat | 121 733 682 | 98 033 599 | 112 044 412 |
| Finansinntekter og -kostnader | | | |
| Finansinntekter | 3 800 000 | 2 600 000 | 6 619 813 |
| Finanskostnader | - | 1 800 000 | 1 251 960 |
| Resultat av finansposter | 3 800 000 | 800 000 | 5 367 853 |
| Resultat før overførte konsesjonskraftinntekter | 125 533 682 | 98 833 599 | 117 412 265 |
| Overførte konsesjonskraftinntekter | 154 154 000 | 103 854 000 | 92 154 015 |
| Resultat | (28 620 318) | (5 020 401) | 25 258 250 |
| Overføringer | | | |
| Overføringer til reservekapital | (28 620 318) | (5 020 401) | 25 258 250 |
| Sum overføringer | (28 620 318) | | 25 258 250 |

|  KONSESJONSKRAFT IKS <small>– vaktar rettane og tek vare på verdien</small> | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|--|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--|
| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | |
| Driftsinntekter | 234 833 170 | 264 563 145 | 287 217 304 | 296 827 529 | |
| Varekostnad | 105 373 202 | 111 641 152 | 114 432 181 | 117 292 986 | |
| Bruttofortjeneste | 129 459 968 | 152 921 993 | 172 785 122 | 179 534 544 | |
| Personalkostnad | 3 699 816 | 3 797 148 | 3 897 401 | 4 000 661 | |
| Annan driftskostnad | 4 026 470 | 4 104 760 | 4 185 399 | 4 268 457 | |
| Driftsresultat | 121 733 682 | 145 020 084 | 164 702 322 | 171 265 426 | |
| Netto finans | 3 800 000 | 3 300 000 | 3 600 000 | 3 600 000 | |
| Resultat før overførte inntekter | 125 533 682 | 148 320 084 | 168 302 322 | 174 865 426 | |
| Årsresultat | 125 533 682 | 148 320 084 | 168 302 322 | 174 865 426 | |
| Prognose utbetaling | 154 154 000 | 154 154 000 | 154 154 000 | 154 154 000 | |
| UB reservekapital | 112 340 096 | 106 506 180 | 120 654 502 | 141 365 928 | |

Sjå adresseliste
Sendt per e-post til alle postmottak

Vår ref:
2018/9-2

Sakshandsamar:
Glenn Qvam Håkonsen
☎ 379 37 500
gqh@konsesjonskraft.no

Arkiv:
124

Dato:
20.09.2018

Utbetalingsprognose 2019 frå Konsesjonskraft IKS

Dagleg leiar oversender vedlagte budsjettprognose utbetaling 2019 med ei vurdering av utbetalingane for 2020-2022.

Endeleg budsjettprognose for 2019 vert vedteke i representantskapsmøte desember 2018.

Budsjetterte inntekter for 2019 vert utbetalt i to like store terminar- i juni og desember. Dette er ei a konto utbetaling av overskottet i Konsesjonskraft IKS og vert utbetalt utan meirverdiavgift.

| Utbetalingsprognose | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|--------------------------|-------------|--------------------|-------------|-------------|-------------|
| KIKS | 103 487 000 | 154 154 000 | 154 154 000 | 154 154 000 | 154 154 000 |
| Aust Agder fylkeskommune | 38 982 000 | 63 601 000 | 63 601 000 | 63 601 000 | 63 601 000 |
| Vest Agder fylkeskommune | 15 253 000 | 19 808 000 | 19 808 000 | 19 808 000 | 19 808 000 |
| Arendal | 1 118 000 | 1 505 000 | 1 505 000 | 1 505 000 | 1 505 000 |
| Audnedal | 278 000 | 448 000 | 448 000 | 448 000 | 448 000 |
| Birkenes | 429 000 | 578 000 | 578 000 | 578 000 | 578 000 |
| Bygland | 4 002 000 | 5 463 000 | 5 463 000 | 5 463 000 | 5 463 000 |
| Bykle | 13 013 000 | 19 570 000 | 19 570 000 | 19 570 000 | 19 570 000 |
| Evje og Hornnes | 435 000 | 610 000 | 610 000 | 610 000 | 610 000 |
| Flekkefjord | 1 575 000 | 2 403 000 | 2 403 000 | 2 403 000 | 2 403 000 |
| Froland | 2 630 000 | 3 683 000 | 3 683 000 | 3 683 000 | 3 683 000 |
| Grimstad | 902 000 | 1 215 000 | 1 215 000 | 1 215 000 | 1 215 000 |
| Hægebostad | 20 000 | 32 000 | 32 000 | 32 000 | 32 000 |
| Iveland | 1 854 000 | 2 595 000 | 2 595 000 | 2 595 000 | 2 595 000 |
| Kristiansand | 51 000 | 83 000 | 83 000 | 83 000 | 83 000 |
| Kvinesdal | 4 836 000 | 5 875 000 | 5 875 000 | 5 875 000 | 5 875 000 |
| Lindesnes | 154 000 | 248 000 | 248 000 | 248 000 | 248 000 |
| Marnardal | 1 391 000 | 2 242 000 | 2 242 000 | 2 242 000 | 2 242 000 |
| Sirdal | 2 143 000 | 3 485 000 | 3 485 000 | 3 485 000 | 3 485 000 |
| Valle | 7 026 000 | 8 789 000 | 8 789 000 | 8 789 000 | 8 789 000 |
| Vennesla | 2 603 000 | 4 483 000 | 4 483 000 | 4 483 000 | 4 483 000 |
| Åmli | 2 055 000 | 2 877 000 | 2 877 000 | 2 877 000 | 2 877 000 |
| Åseral | 2 737 000 | 4 561 000 | 4 561 000 | 4 561 000 | 4 561 000 |

Postadresse:
4747 Valle

Telefon:
37 93 75 00

Epost:
post@konsesjonskraft.no

Organisasjonsnr: 971 330 937

Bankgiro: 8111.05.25273

Deltakarane vil få endeleg orientering etter representanskmøtet i desember 2018.

Dersom det er spørsmål tek de kontakt med Konesjonskraft IKS.

Med helsing

Glenn Qvam Håkonsen
Dagleg leiar

| | | | |
|--------------------------|-------------------|------|----------------|
| Aust-Agder fylkeskommune | Postboks 788 Stoa | 4809 | Arendal |
| Vest-Agder fylkeskommune | Postboks 517 Lund | 4605 | KRISTIANSAND S |
| Arendal kommune | Postboks 780 Stoa | 4809 | ARENDAL |
| Audnedal kommune | Rådhuset | 4525 | KONSMO |
| Birkenes kommune | Postboks 115 | 4795 | BIRKELAND |
| Bygland kommune | Sentrum 18 | 4745 | Bygland |
| Bykle kommune | Sarvsvegen 14 | 4754 | Bykle |
| Evje og Hornnes kommune | Kassernevegen 19 | 4735 | Evje |
| Flekkefjord kommune | Kirkegaten 50 | 4400 | FLEKKEFJORD |
| Froland kommune | Frolandsveien 995 | 4820 | FROLAND |
| Grimstad kommune | Serviceboks 503 | 4898 | GRIMSTAD |
| Hægebostad kommune | Birkeland | 4595 | TINGVATN |
| Iveland kommune | Frikstadveien 20 | 4724 | Iveland |
| Kristiansand kommune | Postboks 417 Lund | 4604 | KRISTIANSAND S |
| Kvinesdal kommune | Nesgata 11 | 4480 | KVINESDAL |
| Lindenes kommune | Postboks 183 | 4524 | LINDESNES |
| Marnardal kommune | Marnardal rådhus | 4534 | MARNARDAL |
| Sirdal kommune | Tonstadveien 28 | 4440 | TONSTAD |
| Valle Kommune | Postboks 4 | 4747 | Valle |
| Vennesla kommune | Postboks 25 | 4701 | VENNESLA |
| Åmli kommune | Gata 5 | 4865 | ÅMLI |
| Åseral kommune | Gardsvegen 68 | 4540 | ÅSERAL |

PS 47/18 Eventuelt